

SMISO byttar namn til Nok.

SMISO Hordaland byttar namn til Nok. Bergen. Dekningsområdet er framleis Hordaland og tenestene er dei same som før, men namnebytet skal bidra til å nå betre fram til brukarane. Her får dei som er utsatt for seksuelle overgrep - og deira pårørande - eit tverrfagleg lavterskel og gratis hjelpetilbod. Nok. Bergen tilbyr også undervisning og rådgivning til skuleklassar, lærarar, barnehagetilsette, helsepersonell og andre fagpersonar.

Dagleg leiar for Nok. Bergen, Grace Ellen Gjuvsland, er glad for det nye namnet.

- Nok. representerer eit tydeleg stopp-punkt og speglar visjonen til alle Nok-sentra; "Ingen skal bli utsatt for seksuelle overgrep". Likevel skjer det. 1 av 3 kvinner og 1 av 10 menn opplever seksuelle overgrep. Nok.-namnet markerer endring, håp og framtid i tråd med slagordet "Saman finn vi vegen vidare", seier Gjuvsland.

Nok.-sentra jobbar for ei betre framtid for dei som er utsatt, og for å hindre at nye overgrep skjer. Med nytt namn og ny visuell identitet, ønsker dei å gjere denne jobben endå betre.

For meir informasjon, gå til nettsida nokbergen.no. Du kan også følgje Nok. Bergen på Facebook og Instagram.